

Frå

Mads Leonard Holvik

Verneombod ved Rossland Skule

Til

Politikarar og administrasjon i Meland kommune

INNSPEL TIL MELAND KOMMUNE SITT BUDSJETT FOR 2016 – INVESTERINGSPLAN 2016-2019

Rosslund skule har i mange år hatt svært dårleg inneklima. Fleire tilsette har tidlegare av den grunn blitt sjukmelde og har skifta arbeidsplass. Delar av skulen har fått nytt ventilasjonssystem, men framleis er administrasjonsfløyen utan ventilasjon. Denne fløyen inkluderer bibliotek, sløyd, tekstil, arbeidsrom til små- og mellomtrinnet og kontor til administrasjonen.

Dessutan har klasseromma som vart bygde utanpå brakkene mot Skintveitvegen og gymsalbygget dårleg inneklima. Fleire av dei tilsette kan ikkje vere i desse bygga, og andre gjev tilbakemelding (viser til avviksmeldingar) på at dei reagerer når dei oppheld seg der.

Kommuneadministrasjonen hadde i tidlegare forslag sett av midlar til å utbetre ventilasjonen i administrasjonsbygget på skulen. I Rådmannen sitt framlegg til økonomiplan er desse midlane utsette på ubestemt tid, og ligg ikkje inne i plan for 2016-2019.

Dei tilsette ved Rosslund skule kjenner uro og frustrasjon over det dårlege inneklimaet ved skulen. Vi føler oss utrygge fordi vi har kollegaer som blir sjuke, og fordi vi er redde for å bli sjuke sjølve.

Skulen vår har ry på seg for å ha eit godt arbeidsmiljø. Med tilsette som gjer sitt yttarste for elevane kvar dag. For å kunne bevare det gode samhaldet og for å sikre at vi klarer å yte 100 % for elevane, har vi behov for ein arbeidsplass med eit trygt og forsvarleg inneklima.

Dei tilsette ved Rosslund skule ønsker at kommunestyret og administrasjonen i Meland kommune opprettheld den tidlegare innstillinga om å løyve midlar til ventilasjonsanlegg til Rosslund skule.

Med beste helsing,



Mads Leonard Holvik

Verneombod ved Rosslund skule